

Møregruppa / Rapport frå Fehn dagen

Rapport og rekneskap og ønske om utbetaling av støtte til Sverre Fehn frå NIL i fylgje brev om tilsagn 21.06.2024

Vedlagt fylgjer faktura frå Møre og Romsdal Arkitektforening med vår del av kostnadane. Deretter faktura frå Nynorsk kultursentrum med oversikt over kostnadane Møregruppa NIL og Arkitektforeninga skulle dele. Våre utgifter var reise og opphald for Henrik Hille og Per Olav Fjeld. Avtalen var at Møregruppa skulle dekke 5000,- av dette. I tillegg sjølvsagt middagen som våre grupper hadde i etterkant.

Dei resterande utgiftene var det Nynorsk kultursentrum som dekte.

Vellukka markering av Sverre Fehn sin 100-årsdag!

Mange møtte til fagdag om Sverre Fehn og museumsarkitektur, og fekk med seg førelesningar, live-arkitekturlydførestilling, panelsamtale, arkitekturomvisning og film. Fagdagen var open for alle og det var fleire utanfor faget som var der også.

Henrik Hille og Per Olav Fjeld er to som har arbeidd for og tett på Sverre Fehn, og dei leverte kvart sitt innsiktsfulle og inspirerande føredrag om korleis Fehn jobba og korleis Aasentunet vart til.

NAL var representert ved Perann Stokke som leia panelsamtalen der MAF-leiar Gitte Langlo som i lag med Per Øyvind Riise frå Storhamarlåven og Gaute Øvereng frå Aasentunet snakka om korleis det er å jobbe og drive museum i Fehn-bygg.


Gisle Nataas, også frå NAL, gav oss ei rytmisk lyd-reise gjennom Storhamarlåven sitt lydbilde kobla mot lydar som han henta ut «live» frå veggjar og radiatorar i Aasen tunet. Dette var nyskapande og rytmisk og saman med stillbilder frå der lydane var henta frå, ga ei heilt ny oppleving av arkitektur!

Aasentunet viste seg nok ein gong å fungere godt til dagsseminar, og det var magisk å få gå rundt saman med dei som kunne fortelje historier frå byggetida.

Arrangementet var eit samarbeid mellom MAF/NAL, NIL Møregruppa og Aasentunet.

Etter fagdagen var vi eit knippe på 14 arkitektar + dei to frå NAL som markerte årets MAF-sommarfest med ein hyggeleg middag. Aslaug Marit Øyehaug presenterte NIL si nye årbok under middagen. Praten gjekk høgt rundt bordet og alle drog fornøgde heim etter ein topp fagdag!





Med helsing Aslaug Marit Øyehaug

INTERIØRARKITEKT MNIL

Aslaug Marit Øyehaug

Hamnegt. 10

6100 Volda

Mob. 971 40 243

aslaug@interiorarkitektane.no

www.interiorarkitektane.no